



- eit fyrtårn i vest

Programutlysing

Parallelloppdrag for Stovevatnet –
regionsenteret Straume



Øygarden kommune inviterer til parallelloppdrag for Stovevatnet og regionsenteret Straume. Vi ønskjer oss to team med tverrfagleg kompetanse og solid erfaring, som er kreative i å finna innovative, framtidsretta, berekraftige, men realistiske løysingar for utvikling av Stovevatnet og samanhengar i regionsenteret Straume.


WWW.OYGARDEN.KOMMUNE.NO

Invitasjon til parallelloppdrag

Ny riksveg skal gå i tunell under Straume. Som ein konsekvens av dette skal Stovevatnet fyllast att og hevast opp til omkringliggende terreng. Stovevatnet vert dermed eit nytt areal som står i samanheng med tomta til dagens rådhus i nord, området ved dagens bussterminal i sør og bussdepotet til Skysst i aust.

Nytt Sotrasamband gir oss nye moglegheiter for å redusera biltrafikken i Straume sentrum, for å gi betre plass til dei som går og sykklar. Delar av arealet på Stovevatnet er allereie satt av til vidaregåande skule og ny bussterminal med eigen kollektivtrase. Resten av Stovevatnet har eit stort potensiale for å bli eit viktig bidrag i å styrka Straume som eit attraktivt regionsenter med gode nærmiljø.

Øygarden kommune inviterer til parallelloppdrag for Stovevatnet og regionsenteret Straume. Vi ønskjer oss to team med tverrfagleg kompetanse og solid erfaring, som er kreative i å finna innovative, framtidretta, berekraftige, men realistiske løysingar for utvikling av Stovevatnet og samanhengar i regionsenteret Straume.



Kartutsnittet viser Straume og studieområdet for parallelloppdraget.

Bakgrunn

Utviklinga på Straume starta med ei næringsetablering og eit lite kjøpesenter, utan ein heilskapleg plan å sjå samanhengar ut i frå, eller å styra etter. Sidan 2002 har Straume hatt status som regionsenter for kommunane som i dag er slått saman til Øygarden kommune, men også for den delen av Bergen som ligg tett på kommunegrensa vår. Arbeidet mot ei meir heilskapleg og planstyrt utvikling tok utgangspunkt i ein stad- og byromanalyse, og kommunedelplanen for Straume som vart vedteken i 2006 bygde vidare på nokre av dei fysiske strukturane som eksisterte. Den langsiktige målsettinga i kommunedelplanen er at Straume sentrum skal transformerast frå eit kjøpesenterområde til eit fullverdig og attraktivt bymiljø. Straume skal vera eit levande, miljøvennleg og attraktivt regionsenter, med eit nærområde som støttar opp om sentrum.


Desse ambisjonane er følgd opp gjennom eit program for sentrumsområdet, ei områderegulering og detaljreguleringar. Gjennom desse planane er det lagt til rette for blant anna høghus, bustadblokker, handel og næring på gateplan, park, torg og gater. Både i planane og utbygginga er det forsøkt å kopla identiteten til Straume mot strileidentiteten med tilknytning til sjøen og kystlandskapet, men også gjennom ein meir moderne vri, som ein teknologisk stad.

Frå 2006 til i dag har Straume langt på veg styrka sin posisjon som regionsenter og sentrum. Kommunen har vore prisgitt lokale utbyggingsaktørar med investeringsvilje, kompetanse og stor interesse for å utvikla området. Den seinare tida har kjøpesenteret blitt utvida, det er bygd parkeringsanlegg for å frigjera sentrumsareal og det er bygd bustadblokker. Straume har i dag dei fleste funksjonar for ein småby, men det er behov for å gi meir plass til menneska og det urbane livet.

Straume vert for mange framleis opplevd som eit bilbasert kjøpesenterområde. Sjølv med Vestlandets største parkeringsanlegg i bakken, er det framleis mykje overflateparkering og trafikk i og gjennom sentrum. Sentrum vert også opplevd som stort og uoversiktleg, noko som kan ha skuld i at fleire av dei planlagde grepa om å etablera byromstrukturar og nettverk av gang- og sykkelveggar (Straumemila) ikkje er fullt ut gjennomførte. Samstundes manglar det ein heilskap i planlegginga og utviklinga av Straume, fordi fleire av dei sentrale areala aldri har blitt vurderte som ein del av transformasjonen. Fokuset i utviklinga har kanskje også vore for lite retta mot dei blå og grøne strukturane og identitetsskapande element.

Kva skal parallelløpdraget svara på?

Oppgåva går ut på å sjå nærmare på løysingar for korleis Stovevatnet kan utviklast saman med etablerte og planlagde strukturar på Straume, etter etableringa av nytt Sotrasamband. I samband med reguleringsplanen for nytt Sotrasamband er Stovevatnet regulert til grøntareal, med krav om reguleringsplan der det vert lagt opp til byutvikling. Kollektivterminal med eigen busstrase, overvasshandtering og å setta av plass til ny vidaregåande skule ligg som faste premisser for utviklinga av området.



Illustrasjonen viser eit forslag til byromstruktur på Stovevatnet, som er utarbeidd i samband med områdereguleringa for Sotrasambandet RV. 555. Gater, plassering av bussterminal, busstrasé og overvassløysinga ligg fast. Vi ønskjer innspel og idear for korleis vi kan utvikla andre element og strukturar som del av parallelloppdraget. Ny vidaregåande skule skal vera eitt av desse elementa.

Kva ønskjer vi innspel, forslag og løysingar på?

1. Funksjonar og strukturar: Korleis kan Stovevatnet komplettera etablerte og planlagde strukturar på Straume? Kva for funksjonsfordeling (både offentleg og privat), variasjon av bustadtypar, uterom (offentlege og private), friområde, blå og grønne strukturar og sosiale møteplassar treng vi i Straume sentrum for å leggja til rette for oversiktlege og gode lokalmiljø? Kva for arkitektoniske grep vil knyta sentrum saman og skapa ein visuell identitet?
2. Mobilitet: Korleis kan vi lykkast i å få eit stort areal/sentrum, som har ein regional skala, til å opplevast som kompakt og intimt, der vi har grønne (berekraftige, miljøvennlege og energieffektive) mobilitetsløysingar med mjuke trafikantar i fokus og korte avstandar til kvardagsfunksjonar?


Sentrale tema som skal leggst til grunn for oppgåva:

- A. Berekraft – miljømessig/økologisk, sosial og økonomisk.
- B. Klima, miljø og energi.
- C. Urbane og romlege strukturar, arkitektur og landskap.
- D. Mobilitet.
- E. Funksjonsfordeling, optimalisering av offentlege (og private) bygg og uterom, utnytta potensialet for sambruk og samlokalisering.
- F. Bustader, nærmiljø/lokmiljø og formelle og uformelle sosiale strukturar.


Studieområdet

Øygarden kommune ønskjer innspel og forslag til korleis Stovevatnet (med tilgrensande areal) kan utviklast, som ein supplerande og kompletterande del av regionsenteret. Forslag og løysingar på

nødvendige samanhengar og koplingar, tiltak for å aukar stadattraktiviteten og skapa gode nærmiljø i heile regionsenteret vil også vera viktig å belysa.



Utsnitt av studieområdet på Stovevatnet.



Regionsenteret Straume, definert i lokal senterstruktur i samfunnsdelen til kommuneplanen (2022-2034).

Øygarden kommune har i kommunedelplanen for Straume vedteke overordna målsettingar for regionsenterutviklinga:

Straume skal verta eit levande, miljøvenleg og aktivt regionsenter med nærområde som supplerer og støttar opp om sentrum.

Straume skal utviklast frå kjøpesenter til fullverdig urbant regionsenter med tilknytning til sjøen og funksjonelle og framtidsretta næringsområde og offentlege område. Vi skal sikre viktige trekk i landskapet, god tilgjenge for alle og høg arkitektonisk kvalitet på bygg og anlegg, med uterom.

Føresetnader, utfordringar og moglegheiter

Føresetnader:

- Bygging av Sotrasambandet 2023-2027/29.
- Etablering av ny vidaregåande skule på Stovevatnet.
- Flytting av kollektivterminal til Stovevatnet.
- Vedtekne arealplanar og pågåande byggeprosjekt i regionsenteret.
- Langsiktige mål og strategiar i samfunnsdelen til kommuneplanen (2022-2034).

Utfordringar:


- Korleis løyser vi trafikkavviklinga for kollektiv, mjuke trafikantar, biltrafikk og parkering etter at vi har fått eit nytt vegsystem som følgje av Sotrasambandet?
- Vi har eit stort sentrum med avstand mellom funksjonar. Vi har også mykje vind og ver. Korleis skapar vi gode interne koplingar, men også koplingar til dei viktige funksjonane som ligg rundt (regionsenteret)? (Arbeidsplassar, idrett, helsetilbod, barnehagar og skular (for alle trinn), bustader, kollektivknutepunkt.)
- Kommunen arbeider ikkje bevisst og samla med framtidens offentlege tilbod i regionsenteret. Kva for offentlege funksjonar, tilbod, uterom og innerom skal kommunen og andre offentlege levera til framtidens Straume?
- For lite folk - for lite aktivitet. Korleis legg vi til rette for mangfaldet og nok med folk som skapar den levande urbane staden?

Moglegheiter:

- Eit stort og attraktivt omland med vekst av menneske, bustader, næring, aktivitetar, tenester og tilbod.
- Nytt ledig areal sentralt på Straume og elles areal som er tilgjengeleg for transformasjon.
- Nye trendar påverkar korleis vi brukar transport, måten vi bur på, måten vi brukar fritida på – vi ønskjer å leva berekraftig - miljømessig/økologisk, sosialt og økonomisk.
- Vi kan styrka Straume med offentlege tilbod.
- Stort potensiale for styrka samarbeid mellom kommune, fylkeskommune og lokalt næringsliv (jf. vedlagt rapport om Framtidens kunnskapsklynge) innanfor sambruk og fellesfunksjonar.

Arbeidsprosess og fristar:

Oppdraget vil starta opp i november 2022, og vert avslutta i mars 2023. Arbeidsprosessen inneber eit oppstartsseminar med synfaring, påfølgande arbeidsfase 1, midtseminar, påfølgande arbeidsfase 2, sluttseminar og til slutt utstilling. For å leggja til rette for opne arrangement og deltaking vil seminarane bli lagt til ettermiddag eller kveld. Ressursar frå oppdragstakarane må delta på alle seminarane. Vurderingskomiteen skal følgja heile arbeidsprosessen og deltek på alle seminarane.



Førebels tidslinje med arbeidsfasar og aktivitetar. Det kan komma små justeringar i datoar.

Arbeidsfasar:

Oppstartsseminar: På oppstartsseminaret vert dei viktigaste problemstillingane som parallelloppdraget skal svara på presentert. Deltakarane får informasjon om oppdraget og bakgrunnsmateriale. Ein stadanalyse vert sendt ut i forkant av oppstartsseminaret. På oppstartsseminaret vert det også opna for å drøfta forventingar til bestilling og levering. Det skal gjennomførast ei synfaring, og delar av seminaret vil vera ope for alle.

Arbeidsfase 1: Oppdragsteama arbeider med analyser og forslag til løysingar, prinsipp, konsept og skisser ut i frå oppgåva i parallelloppdraget.

Midtseminar: Foreløpig arbeid skal presenterast og leggst fram for felles drøftingar. Vi er framleis i ideutviklingsfasen, og det vil vera viktig å visa korleis oppdragsteama tenker at dei svarar på oppgåva i parallelloppdraget. Seminaret skal bidra til å avklara føringar for den neste arbeidsfasen. Innspel som kjem inn under og etter midtseminaret skal vera til hjelp for å konkretisera og teikna ut endeleg levering. Vurderingskomiteen skal laga eit referat som summerer opp innspela frå seminaret, og gir føringar for vidare arbeid. Eventuelle behov for fordjupingar av tematikk skal komma fram av referatet.

Arbeidsfase 2: Videre utarbeiding, konkretisering og slutføring av oppdraget.

Sluttseminar: Sluttseminaret vert delt inn i to delar. I første del skal oppdragsteama presentera slutførte arbeid, med påfølgande felles drøfting med oppdragsgivar, fagfolk i kommunen og

vurderingskomiteen. I andre del av seminaret skal oppdragsteama presentera arbeidet sitt på nytt, men for innbyggjarar, næringsaktørar og andre som ønskjer å sjå kva som vert foreslått.

Vurderingskomitè:

Det vert oppretta ein vurderingskomitè som skal evaluera arbeidet. Vurderingskomitèen deltek i prosessen frå oppstartsseminar til utstilling, og vil gi ei tilråding til vidare oppfølging.

Vurderingskomitèen utarbeider ein sluttrapport som vert overlevert til kommunestyret, og vert eit fagleg kunnskapsgrunnlag inn i vidare planarbeid og prosessar. Sluttrapporten vil oppsummera diskusjonar og vurderingar.

Vurderingskomitèen vert sett saman av slik:

- Norske arkitekters landsforbund (NAL) - leiar av vurderingskomitèen
- Prosjektleiar frå kommunen - sekretær for vurderingskomitèen
- Vest næringsråd (1 representant)
- Vestland fylkeskommune (2 representantar)
- Kommuneadministrasjonen (2 representantar)
- Ungdommens kommunestyre (1 representantar)

Krav til levering

Alt materiale skal vera på norsk.

Til oppstartsseminar: Kwart oppdragsteam skal gi ein kort presentasjon av si arbeidsgruppe, kompetansen i gruppa, bakgrunn og referanseprosjekt og korleis denne oppgåva er forstått.

Til midtvegsseminar: Presentasjon og skisser av analyser, forslag og innspel til prinsipp, konsept og løysingar ut i frå oppgåva i parallelloppdraget.

Til sluttseminar: Digital presentasjon som viser endelege arbeid.

Endeleg innlevering: Oppdraget skal leverast digitalt til kommunen, og filer skal kunna brukast og redigerast av Øygarden kommune. I tillegg skal det leverast:

- Minst tre plansjar i A0-format med gode illustrasjonar av analyser og løysingar for framtidsbiletet av Straume. Viktige prinsipp og konsept skal visast på eigne skisser, teikningar, illustrasjonar eller i digitalt format.
- A3 hefte i liggande format som viser heile leveringa av oppdraget.
- JPEG format av alle kart og illustrasjonar, og digitale filer av desse – Collada (dae/daz) eller Keyhole Markup Language (kmz/kml).
- Presentasjonen som vert vist i sluttseminaret.
- 3D-modell, video, eller anna form for visualisering av heile området eller enkelteltkonsept/-prinsipp/-tema.

Plansjane skal ha lite tekst. Utfyllande informasjon kan komma fram av heftet, men i form av korte og lettlesne tekstar. Alt innlevert materiale kan nyttast fritt av kommunen, så lenge det vert referert til kven som har utarbeidd det.

Krav til leveranse av modellfiler:

- Bør innehalda så få objekt som mogleg – skalmodell.
- Filformat: Collada (dae/daz) eller Keyhole Markup Language (kmz/kml).
- Einingsreferanse i meter.
- Georeferert til koordinatsystem UTM 32.
- Reinsa for interiør objekt-Inndelt etter objekttype.
- Skilt frå omgivelsane rundt.
- Utriangulerte polygon.

Vedlegg:

Kommunen forventar at oppdragsteama set seg inn i all dokumentasjon. Ein del av materialet vert også presentert i oppstartsseminaret. Lista nedanfor er ikkje uttømmende, men er meint å synleggjera dei viktigaste føringane for utviklingsarbeidet.

- [Kommunen sine vedtak i saka](#)
- [Samfunnsdelen til kommuneplanen](#)
- [Kommunedelplan for Straume](#)
- [Områderegulering for Straume sentrum](#)
- [Gjennomføring av RV. 555 Sotrasambandet](#)
- [Områderegulering for Sotrasambandet RV 555](#)
- [Samla planoversikt for Straume \(planregister\)](#)
- [Rapport - Fremtidens kunnskapsklynge i Nye Øygarden Kommune.](#)
- Stadanalyse i kart vert gjort tilgjengeleg i forkant av oppstartsseminaret.

Alle vedlegga og informasjon om parallelloppdraget kan også finnast på [nettsida til kommunen](#).